

Du Einar!

11. mars 1914

Når eg no i vekevis lyt væra inne,
der strøymmer gjennom hugen gamle minne.

Eg minnest no so mang ein faren dag,
då me var smågutar og var i lag.
Me spøta hestetaumar, trekte krok,
og spela katterpinn og bygste bökk.
Me spela tikken og me skaut med pil
og best me gret, so var det berre smil.

Me bygste jamnebyks og lengdesprang
og neimen var 'kje dagen alltid lang.
Og alt i bland, på ekte barnevis
me spela skothella og paradis.
Snart slo me jord, og snart me kørde ring.
Og om me datt, det gjorde ingenting.

Me bygste trestegsprang og spela ball,
og bygde kvernhus, sløk og kvernekall.
Me spela vepp og indianarspel.
Det var eit under at det gjekk so vel.
Om det var travelt? ja so travelt at,
me ikkje alltid rakk å få oss mat.

Me kleiv i tre og såg i fuglereir.
og kasta spjot og mykje, mykje meir.
Og var der snø, avstad å stå på ski.
Det kan vel henda me laut hanga i.
Det galdt å koma oppatt bakken snar.
Den som gjekk øvst, han var det beste kar.

Det hende av og til i bakken bratt,
at der var ein ell' annan kar som datt,
so det var jamt å sjå ein liten pøyk,
som låg å rulla rundt i snø og røyk.
Den eine ski for hit, den andre dit
Den vesle kar, var som ein mylnar kvit.

Og kom han seg på føter, arm og ør,
han totte aust var vest og nord var sør.
Men likevel han var i godt humør,
og klemde på att, djervare enn før.
Det galdt å syna for dei andre at,
han greide standa, der som før han datt.

I Rydlandsmarki var me mang ein kveld.
Me murde stemmegard og kveikte eld.
Me skreidde oss på is so blank som stål,
reiv lyng og eine, kveikte jonsokbål.
Og nedmed sjøen, attmed stein og knaus
me sat so mang ein gong og skolv og fraus.

Men stundom - ja når soli riktig skein,
og vinden ikkje var til noko mein,
me gjekk til fots og stundom hovudstup
og for som kobbar ut på blåe djup.
Til andre tider tok me båt, me tvo.
Du skulle skjota, eg skulle ro,
og kan du minnast kor du skjennte då,
når fuglane eg ikkje greidde nå?

Men jammen var det gildt å vera barn
og sigla, fiska, draga lina, garn.
Me var so sutelause, dag og natt.
Nei, slik ei tid me fer nok aldri att.

So kom vår ungdomstid med von og draum,
med solklår himmel og med skoddeflaum.
Med storm og stilla, og med ruskever
og mykje meir eg ei skal nemna her.
Du snart vart førd å gjera vaksne verk.
Eg arme kryp, hev aldri vore sterk.

Du spela fela i dei vaksne lag,
og vaks i frå meg stakkar, dag for dag.
Vår ungdomstid rann ut som elv i hav.
Me skynar mest ikkje kvar ho vart av,
og likevel frå desse farne år,
me ber på minne, som gjer hugen sår.

Du! - ikkje sant, det verkjer no og då,
når ungdomssyndene du att fer sjå?
Frå dette myrke, inkjevetta liv,
me sløsa bort i syndigt tidsfordriv.
Eg veit, det vart so tungt og svært for meg,
at eg til slutt vart reint ulukkeleg.

Eg kom til livsens største vegaskil,
so arm og fredlaus og so full av tvil.
Med mykje synd mot han som hev meg skapt,
og reddsla for å døy - og gå fortapt.
D'er fælt å væra under syndens dom,
so livstrøytt, nedtyngd, arm og gledetom.

Då vert det kanskje mang ei svevnlaus natt
d'er løni livet utan Gud gjev att.
Ein har 'kje rett i laget nokon stad,
d'er plent umogeleg å væra glad.
Ein er som arme fugl med knekte veng,
og verst det kjennest når ein einsam gjeng.

Då møtte meg Guds ånd, med livsens ord,
om han som kom med frelsa til vår jord.
Vart dømd til døden, nagla til ein kross
og leid vår straff og kjøpte fred åt oss.
Då såg eg noko som for meg vart stort:
Det eg skuld gjera var alt långo gjort.
Eg hev forlating for mi synd fordi,
at han på krossen heve kjøpt meg fri.

Slik gjekk det til, at eg fekk los ombord
og no skal han få styra ratt og ror.
Og aldri skal min livsbåt søkkja ned,
kor stormen bles, så lenge han er med.

Men høyr eit alvorsspørsmål no til slutt
og svar me ærleg, gode gamle gutt.
Seg hev du funne denne hjarteskatt?
Er han di trøyst og gleda dag og natt?
Eg veit, den same los som møtte meg,
han hev alt lenge leita etter deg!

Lat opp! lat opp for han di hjartedør!
Kva han kan gje deg veit du ikkje før.
Eg vonar enno at her kjem ein dag,
då me som små, skal koma att i lag
og fara saman livsens rette kos,
med Jesus som vår frelsar og som los!